

Praktiske opplysingar

Kvar finn eg...

- Værnes kyrkje:** Noregs eldste soknekyrkje i aktiv bruk, ca. 3 km frå Stjørdal sentrum. Sjå kart¹.
- Kirkestallen:** Raudt samlingshus rett over vegen frå Værnes kyrkje.
- Katolske kyrkja/ Frelsesarmeen:** Schirmers gate 1/Prinsens gate 2C. Gå vestover frå domkyrkja, over fotgjengarfeltet og til venstre på fortauet. Frelsesarmeen² er andre bygg mot Elgeseter bru (raudt), St. Olavs katolske kyrkje er siste bygg før brua (med klokketårn).
- Kapittelhuset:** Eldste delen av Nidarosdomen, ligg på nordsida av høgaltaret/oktogonen.
- Parkeringsplass:** *Værnes:* Gratis plassar ved Værnes kyrkje/Kirkestallen.
Trondheim: Tre sentrumsskular tilbyr parkering for kr 50-80/dag. Gateparkering (automat) og P-hus (Leüthenhaven) er også nær ved.
- Haldeplassar:** *Værnes:* Tog/buss til Stjørdal sentrum, eller fly til Værnes. Bil/drosje til Værnes kyrkje. Skyss frå Trondheim eller flyplassen kan ordnast etter avtale (sjå under).
Trondheim: Tog til Trondheim sentralstasjon. Buss frå syd til Prinsen kinosenter (rett ved Nidarosdomen). Frå andre retningar, til sentrumsterminalen ved torget.

Kursstart i Værnes kyrkje søndag 25/7

Treng nokon skyss for å kome seg til/frå Værnes kyrkje, meld frå om dette (adresser på baksida). Vi har tilbod om middag i Kirkestallen – gryterett med salat, brød, og kaffi etterpå til kr. 130,-, som betalast av kvar og éin. Vi går ut frå at alle påmelde blir med på middagen. Dei som ikkje kan delta, eller er avhengig av spesiell mat, t.d. pga. allergi, må melde frå om dette (sjå baksida).

Aktivitetar og kursplan (sjå baksida)

Aktivitetane som står i *kursiv* i tidsplanen, er ikkje ein del av sjølv kurset, men planen er laga med tanke på at det skal vere råd å ta del i desse. Kursstoffet står i liturgiboka *Tidebønner fra Nidaros, Olsok* (ISBN 978-82-543-1086-1), og må kjøpast på førehand frå Verbum forlag (søk på "Tidebøn" i <http://www.bibel.no/>), gjennom ein bokhandel, eller i Besøksentret ved domkyrkja (ca. kr 130,-).

Matpausar

Deltakarane har sjølv ansvar for eiga „foring” mellom øvingsøktene. I øktene tek vi korte pausar når det trengst. Søndag kan vi kjøpe middag i Kirkestallen (sjå over).

Til vakenatta tek kvar med litt mat og drikke, så samlar vi alt til eit spleisemåltid. Basisting som vasskokar, kaffitraktar, bestikk og eingangsservise syter vi for. Før Laudes ryddar vi kjellaren i fellesskap, slik at kyrkja er klar til ottesongen kl. 08.

Kledebon

På completoriet i Værnes kyrkje nyttar vi sivile klede. Til tidebønene i Nidarosdomen får vi utdelt fotside og langerma kvite kapper. Før første olsokvesper må alle ha vald ut ei høveleg kappe, og merkt henne med namn. Har du ei slik kappe heime, ta henne gjerne med (særleg om du er lang...). Det kan vere trekkfullt i domkyrkja sjølv om sommaren, så ta med litt meir klede enn det du trur trengst. Kongeportalen i vestfronten står vanlegvis open heile olsoknatta.

Vakenatta

Vigilien (vakenattbøna) er delt i fem deler, som syngjast kvar heile time frå kl 01. Kvar del tek om lag 20 minutt, og vert innleia av fløytespel. Det er ni bibeltekstar, som lesast av kursdeltakarar. Dette er ei natt til bøn og ettertanke, så mellom øktene skal det vere mest mogleg ro i kyrkjerommet. Kjellaren under vestskipet er vår base for natta. Rundt om i kyrkja er det bønestasjonar og lyddusjar med tekstutdrag – gå gjerne innom desse i løpet av natta. Biblar på ulike språk er også tilgjengelege.

Urframføring

Henrik Ødegaards ”Den som vil følge etter meg”, med ti satsar for solo fløyte, vil bli urframført ved midnatt, som inngang til vakenatta. Ein sats frå verket innleier kvar tidebøn i løpet av olsokdøgnet.

¹Værnes kyrkje: <http://kart.gulesider.no/m/pSnIm> <http://folk.ntnu.no/laa/tidebon/kart-vk.jpg>

²Frelsesarmeen: <http://kart.gulesider.no/m/pSnYI>

Timeplan for tidebønkurs 25.-29. juli 2010

Kursleiar er Jørn Fevang. Hugs blyant til øvingane!

Aktivitetar i kursiv er ikkje ein del av kurset, men tilbod for dei som har lyst å delta
(Tidspunkta med [Haydn ...] er berre for oss som også skal syngje i det koret)

Søndag 25. juli (Jakobsmesse)

16.00 – 16.30	Kirkestallen	Kursopning (registrering frå kl. 15.30)
16.30 – 19.00	Værnes kyrkje	Øving (små pausar innimellom) [Haydn: 13-17]
19.00 – 20.30	Kirkestallen	Middag (gryterett, salat, brød og kaffi kr. 130,-)
20.30 – 21.00	Værnes kyrkje	Oppvarming til completorium
21.00 – 21.30	Værnes kyrkje	Completorium

Måndag 26. juli

10.00 – 12.00	Den katolske kyrkja	Øving (små pausar innimellom)
12.15 – 12.30	Kapellet i Erkebispegarden	Middagsbøn
13.00 – 15.30	Kapittelhuset	Øving (med lyddør pga. Rex Olavus)
15.30 – 16.00	Nidarosdomen, kjellaren	Tildeling av korkapper (ta med eitt namneskilt)
17.00 – 21.00	Den katolske kyrkja	Øving (små pausar innimellom) [Haydn: 18-22]

Tysdag 27. juli

10.00 – 12.00	Den katolske kyrkja	Øving (små pausar innimellom)
12.15 – 12.30	Kapellet i Erkebispegarden	Middagsbøn
13.00 – 16.00	Den katolske kyrkja	Øving (små pausar innimellom)
17.00 – 18.30	Kapittelhuset	Øving (med lyddør pga. Rex Olavus)
19.00 – 21.00	Den katolske kyrkja	Øving (små pausar innimellom) [Haydn: 19-22]

Onsdag 28. juli

10.00 – 12.00	Frelsesarmeen	Øving (små pausar innimellom)
12.00 – 13.00	Torget	Opningsseremoni og prosesjon til Erkebispegarden
12.15 – 12.30	Kapellet i Erkebispegarden	Middagsbøn
13.00 – 16.00	Frelsesarmeen	Øving (små pausar innimellom)
17.00 – 17.30	Vår Frue kyrkje	Oppvarming til olsokvesper I
17.30 – 18.00	Vår Frue kyrkje	Olsokvesper 1 (kveldssong)
18.00 – 24.00		Hugs nok kvile før vakenatta! [Haydn: 19-22]
23.00 – 24.00	Nidarosdomen	Olavsvake-gudsteneste

Torsdag 29. juli (Olsokdagen)

00.30 – 05.30	Nidarosdomen, vest	Olavsvake (vigilie, ein del kvar heile time)
06.00 – 06.30	Nidarosdomen, aust	Laudes (morgonsong)
14.00 – 14.30	Nidarosdomen, aust	Oppvarming til non
14.30 – 15.00	Nidarosdomen, aust	Non (middagsbøn) [Haydn: 14.30-17.15]
17.15 – 17.30	Nidarosdomen, aust	Oppvarming til olsokvesper II
17.30 – 18.00	Nidarosdomen, aust	Olsokvesper 2 (kveldssong) [Haydn: 18.30-21]
19.00 – 20.30	Nidarosdomen, vest	Konsert: Haydns "Skapelsen" (også 30/7 kl 19.00)
21.30 – 22.00	Kapittelhuset	Oppvarming til completorium
22.00 – 22.30	Kapittelhuset	Completorium (bøn for natta)

Kontaktadresser

Då står det berre att å seie velkommen til kurs! Ta gjerne kontakt om du lurar på noko, og for tilbagemelding om mat og evt. skyss 25. juli.

Helsing Nidaros domkyrkjelyd v/Steinar Moen, tlf. 948 08 131 og Leiv Arild Andenes, tlf. 73 59 18 19/918 97 819, e-post tidebonkurs@itea.ntnu.no, web <http://folk.ntnu.no/laa/tidebon/>, <http://olavsfestdagene.no/2010/no/Kurs/Officiet/>. Sjå også Olavsfestdagane sitt hovudprogram.